


28 APR. 1992



FISKERIRETTLEIAREN


I


SANDE VANYLVEN VOLDA

Årsmelding

1991

Vårt
Distrikt: →





FISKERIRETTLEIAREN I SANDE, VANYLVEN OG VOLDA
6084 LARSNES

Tlf.070.28033
Fax.070.28241

ÅRSMELDING 1991


FORORD:

Etter skriv frå Fiskeridirektoratet av 30/4-91 er oppsett, og innhald av årsmelding endra.
I praksis vil dette medføre noko omlegging og sterkt redusert volum.

INNHALD.

- Kapittel 1. Presentasjon av Rettleiardistriktet, Kart.
- Kapittel 2. Samandrag.
- Kapittel 3. Sysselsetting i Næringa..
- Kapittel 4. Fiskeflåten.
- Kapittel 5. Fiske-industri/foredling.
- Kapittel 6. Råstoff-situasjon/ilandført kvanta.
- Kapittel 7. Havbruksnæringa.
- Kapittel 8. Anna Virksomheit.

Trykking, april 1992.



HERØY

SANDE

VANYLVEN

VOLDA

ORSTA

SELJE

AUSTEFJORD

VANLIVSFIORDEN

VARTDALSFJORDEN

HJORUNDFJORDEN

RÖMSDALSFJORDEN

AFJORDEN

MÖRE OG RÖMSDALSFJORDEN

Kapittel 1. BESKRIVELSE AV RETTLEIARDISTRIKTET, TENESTA.

Rettleiardistriktet består av kommunene, Sande, Vanylven og Volda.
Disktriktet er geografisk dei sørlegaste kommunene i Møre og Romsdal fylke.

Sande Kommune er den sterkaste tradisjonelle "fiskerikommune" mens Volda er svakast i naturleg utslag av geografisk beliggenheit.
Imidlertid har fiskeoppdrett fått motsatt innpass i kommunene, slik at fiskerinæringa er viktig for sysselsetting og næringsaktivitet i heile distriktet.

Rettleiingstenesta dekkjer distriktet etter lov om Rettleiingsteneste i Fiskerinæringa, ellers er Rettleiaren Merkelovens tilsynsmann i kommunene.


Tenesta er styrt frå Rettleiarkontoret på Larsnes, der Sande er vertskommune.
Kontoret har lokale i andre høgda i "Gamlebanken" som ligg like ved Sande kommune sitt Rådhus.

Sande kommune er ei "øykommune", med berre ein liten del av arealet på fastlandet. Vanylven og Volda er "fastlandskommuner", begge oppdelte av fjord-system.
Rettleiardistriktet dekkjer soleis både ytre og indre kystforhold.

Kontoret er betjent av Rettleiaren i fast stilling. I tillegg har kontoret dei siste år hatt ulike tilbod frå sysselsettingstiltak.
I praksis vil dette likevel føre til at kontoret er einmannsbetjent.

Oppgavene er av ulik karakter, og belastninga ujamn. Sakshandsaming må til tider verte på grensa til det uansvarlege, kontorrutina vert ofte broten og dermed usikker.

Som konklusjon vil ein etter tilbakemelding meine å ha registrert at brukarane finn tenesta viktig, og rimelig bra betjent.



FISKEOPPDRETTSAKTIVITETER
 SANDE VANYLVEN VOLDA

ANLEGGSPlassAR

Markeringar i kartet:

X Sjøbasert anlegg

■ Landbasert anlegg

Svinøy Fyr

VANYLVSFJORDEN

SELJE

VANYLVEN

ULSTEIN

HARF

HERØY
 GURSKØY

VARTDALSFJORDEN

ORSTADFJORDEN

VOLDA

AUSTEFJORD

ORSTA

HJORUNDFJORD

AUSTEFJORD

STORFJORDEN

STORFJORDEN

Nordollen

Myklebust

Dalesøler

MySeter

St. insvik

Felden

Kilsdalen

Møre og Romsdal

NAVESAKER

OTERDAL

HORNINDAL

Kapittel 2. SAMANDRAG.

Rettleiardistriktet:

Rettleiardistriktet består av kommunene Sande, Vanylven og Volda.

Sande kan karakteriserast som fiskerikommune med noko industri, Vanylven som landbrukskommune med noko industri og fiske, Volda som landbrukskommune med sterkt innslag av skular, noko industri og noko fiske.

Sysseletting:

Sysselettinga i Fiskerinæringa har halde seg stabil dei siste år, trass i at næringa har mange vanskar av generell art som har ført til stor sysselettingsnedgang i andre næringar.

Fiskeforedling viser stagnasjon og nedgang, mens oppdrett viser relativt stabil sysseletting enno.

Fiskermanntalet viser 243 for Sande, 153 for Vanylven og 88 for Volda.

Fiskeforedling viser 16 årsverk for Sande, 0 for Vanylven og 11 for Volda.

Fiskeoppdrett 12 årsverk for Sande, 23 årsverk for Vanylven og 26 årsverk for Volda.

Samla gir dermed Fiskerinæringa omlag 441 årsverk i fiske (216-145-80), 27 årsverk i foredling (16-0-10) og 61 årsverk i oppdrett (13-20,5-24,7).

Dette utgjør 16% av dei yrkesaktive i Sande kommune, 11% i Vanylven og 4% i Volda. For distriktet 9%.

Fiskeflåten:

Fiskeflåten viser ein svak oppgang i antal, men det viser overgang til mindre fartøy.

Innslaget av kvinner i flåten er tiltakande, men fortsatt marginalt.

Fiske-industri/foredling:

Fiskeforedling hadde noko tidligare sterk nedgang, dette skreiv seg vesentleg frå nedgang i tørrfisk-produksjon.

Dei siste år har vist ein stabilisering, men på eit svært lavt nivå.

Innslag av kvinner er høgt for hermetikk, mens på tradisjonell fiskebehandling dominerar menn fortsatt. I pakking/slakting av oppdrettslaks er kvinner sterkt med.

Råstoffsituasjonen/ilandført kvantum:

Fiskeflåten fikk eit positivt utslag i 1991. Både kvantum og pris hadde auke frå året før.

Fiskeforedling synest ha fått forverra råstoffsituasjon.

Oppdrett hadde mykje godt samanbrot i mykje av sin omsetning, og situasjonen er utrygg.

Utviklinga synest gå mot større andel av råstoff-eksport direkte.

Havbruksnæringa:

Denne næring må vel ansjåast ha opplevd kriser av ulik art dei siste tre år, overproduksjon, prisfall, sjukdom, konkursar. Rettleiingstenesta har vorte meir engasjert i medverking i næringa ved informasjonsinnhenting, kontroll og planlegging. Ein ventar enno at det vil ta noko tid før næringa har stabilisert seg etter så turbulente tider.

Trass vanskane har mange fått sin arbeidsplass i næringa som dei trivest med. Denne næringsaktivitet har etter kvart vorte eit stabilt tilbod i bygdene.

Anna virksomheit:

Virksomheit avleidd frå fiskerinæringa gir seg ulikt utslag i kommunene i distriktet. I Sande har ein innan verkstadindustrien betydeleg aktivitet frå fiske. Volda liknande aktivitet.

Kapittel 3. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA.

Syssselsettinga i fiskeflåten: FISKARMANNTALET.

Oversikt over fiskarmanntalet sidan 1980.

ÅR	SANDE		VANYLVEN		VOLDA	
	blad A,	B	blad A,	B	blad A,	B
1980	20	234	25	126		
1981	19	239	27	128		
1982	19	267	27	137		
1983	18	213	11	110		
1984	23	211	12	121	6	60
1985	23	201	11	129	3	72
1986	26	205	12	140	2	75
1987	28	228	12	157	2	78
1988	32	206	11	142	9	81
1989	34	195	13	148	11	69
1990	35	198	13	134	11	69
1991	41	202	12	141	12	76

Tabellen er basert på egne tal og viser antal ved årets utgang.

Syssselsetting i fiske viser igjen positiv utvikling etter nedgangen frå toppåret 1987.

Sande har 8 kvinner, Vanylven 1 og Volda 5 i manntalet.

Alderssamansetning i manntalet blad-B. (Hovudyrkesaktive)

ÅR	KOMMUNE	< 30 år	30 - 50 år	> 50 år
1990	Sande	47%	35%	18%
1991	Sande	46%	35%	19%
1990	Vanylven	47%	37%	16%
1991	Vanylven	52%	34%	14%
1990	Volda	59%	36%	5%
1991	Volda	59%	36%	5%

Denne oversikt viser at arbeidstakarane forlet yrket lenge før pensjonsalder. Ein gjennomgang av personane viser at dei få over 50 år vesentleg er fartøyeigarar. Dette gjenspeilar seg også i ulikheita mellom kommunene.

Rekrutteringa til yrket antakast også god utfrå oversikta og den generelle arbeidsløyse.

Samanlikning med tidlegare år synest utviklinga gå mot stadig større andel av yngre personar, men tidlegare tallmateriale kan vere noko usamanlignbart.

Bygdavise fordelingar og utviklingstrekk treng sær vurdering og tilpasningar då tal-materiale er lite og bygdagrenser vert endra over tid, slike oppsett vert derfor upålitelege.

Garantikassen for Fiskarar har sidan 1983 registrert fiskarinntekter i samband med ferieordning for fiskarar.

Tabell over registreringar for kommunene 1983-1990.

AR	Sum inntekt	SANDE	
		Deltakarantal	Gjennomsnitt
1983	20.686.080,-	233	kr. 88.781,-
1985	22.425.642,-	222	kr. 101.016,-
1987	28.182.412,-	248	kr. 113.639,-
1989	29.124.654,-	231	kr. 126.081,-
1990	33.467.655,-	217	kr. 154.229,-
<u>VANYLVEN</u>			
1983	15.929.810,-	138	kr. 115.433,-
1985	17.873.672,-	165	kr. 108.325,-
1987	25.041.976,-	189	kr. 132.497,-
1989	20.323.850,-	184	kr. 110.456,-
1990	20.554.894,-	166	kr. 123.825,-
<u>VOLDA</u>			
1983	5.003.482,-	68	kr. 73.581,-
1985	7.830.616,-	86	kr. 91.054,-
1987	11.122.623,-	91	kr. 122.227,-
1989	9.578.400,-	92	kr. 104.113,-
1990	9.878.162,-	92	kr. 107.371,-

Tabellen viser positiv utvikling i åra før 1987 for alle kommunene. Etter dette år er utviklinga ujamn for dei ein skilde kommuner. 1989 og 1990 er karakteriserte som bunnår for næringa, mens 1991 er foreøbig ansett som eit toppår. Utslaga på statistikkane synest å vise at næringa trass mange vanskar har evne til tilpasning, og har kome over vanskanen utan både sysselsettingsvanskar og økonomiske problem av stor målestokk.

Tal for 1991 er tilgjengelige i mai-92, foreløbige antagelsar kan tyde på monaleg auke.

SYSSELSETTING I FISKEINDUSTRI:

Ordinære fiskeforedlingsbedrifter i distrikter er berre lokalisert til Sande kommune.

Sysselsettinga i 1991 utgjorde 17 årsverk. 9 menn og 19 kvinner. Menn er vanligvis i fullt arbeid mens kvinnene er i deltids sysselsetting.

Utviklinga synest gå i sakte avvikling. I 1986 var 25 kvinner og 11 menn sysselsatt med 27 årsverk.

I Volda er 10 menn og 1 kvinne sysselsatt i fiskemat-produksjon.

Pakking av laks sysselset nokre personar, særleg kvinner.

Dette er delvis inne i dette avsnitt og delvis under oppdrett.

SYSSELSETTING I FISKEOPPDRETT:

Syssettinga i oppdrett viser 13 årsverk for Sande, 20,3 årsverk for Vanylven og 24,7 årsverk for Volda.

10 menn er tilsette i Sande, 15 menn i Vanylven og 22 menn og 15 kvinner i Volda. Kvinnene i Volda er vesentleg i deltid på fiskepakking.

Foring og stell av fisken synest enno dominert av menn, særlig synest dette absolutt der anlegga er betjente frå båt.

KAPITTEL 4. FISKEFLÅTEN.

Merkeregisteret i rettleiariardistriktet, Generell oversikt sidan 1981, antal av dekkta fartøy av stål/tre/anna (plast) og åpne.

SANDE

År	Dekka fartøy av	stål	- tre	- anna	Åpne	SUM
1981	49	6	25	18	54	103
1983	51	8	23	20	35	86
1985	56	11	25	20	29	85
1987	54	10	18	26	26	80
1989	49	11	17	21	19	68
1990	49	9	18	22	18	67
UT 1991	2	1	0	1	0	2
INN 1991	1	0	0	1	6	7
1991	48	8	18	22	24	72

VANYLVEN

1981	18	4	3	11	38	56
1983	21	6	3	12	23	44
1985	24	5	3	16	18	42
1987	22	4	3	15	18	40
1989	22	4	3	15	15	37
1990	20	3	3	14	16	36
UT 1991	2	1	0	1	2	4
INN 1991	1	0	1	0	2	3
1991	19	2	4	13	16	35

VOLDA

1981	13	0	11	2	14	27
1983	10	0	8	2	15	25
1985	11	0	9	2	15	26
1987	11	0	9	2	9	20
1989	5	0	3	2	9	14
1990	4	0	2	2	9	13
UT 1991	0	0	0	0	0	0
INN 1991	2	0	1	1	0	2
1991	6	0	3	3	9	15

Merkeregisteret har vore relativt stabilt dei siste år. Ein gjennomgang i årsmeldinga for 1990 der ein samanlikna avgang og tilgang viste at fartøystørrelsen minkar over tid. Denne utvikling går vidare i 1991.

Med den svake fornyingstakt ein har vil flåten eldast.

Distriktet sine spesielle fisketillatelsar (konsejonar) har minka over tid.

Sande hadde 6 registrerte konsesjonar etter fjorårets årmelding. 4 av desse som var idustritrål-tillatelsar vart inndregne i 1991, ein kvalkonsesjon svevar enno i det uvisse då fartøyet den var tilknytta er ute av kommuna og tillatelse til kvalfangst i framtida er noko uavklara. Den fabrikktrålkonsesjon som er registrert i kommuna er dreven frå Ålesund og har hatt små fiskekvoter dei siste år.

Vanylven hadde ein ringnotkonsesjon og 3 brislingkonsesjonar. I beretningsåret var brislingkonsesjonane lite nytta då dette fiske vart resultatlaust. Ringnotkonsesjonen var i full aktivitet.

Fartøykvoter for Torsk:

Sande hadde 14 torskévoter for 1991 og fikk 2 nye for 1992, tilsaman 1033,3 ton torsk.

Sidan innføringa av torskévoter i 1990 har kommunen sin kvote minka då tre større kvotefartøy er gått ut.

Vanylven hadde 3 kvoter for 1991 og fikk ein i tillegg for 1992, tilsaman 118,8 ton torsk.

Volda har ikkje fartøykvoter.

Dei registrerte fiskefartøy i distriktet har ellers tilgjenge til torskefiske i ein maksimalkvote. For denne ordning må ein og vere tilknytt fiskarmanntalet.

Den vekst ein kan registrere i manntalet og merkeregisteret skriv seg vesentleg frå denne ordning der eldre fiskarar som finn deltakelse som fritids/hobby-fiskar så redusert at dei nyttar dei rettar dei som eldre fiskarar har til manntalet og dermed få større fiskerettigheter i merkeregistrert fritidsfartøy. (bi-næring)

FISKEFLÅTEN OG AKTIVITET:

Sande:

Fartøy over 35 m.

Av dei to fabrikktrålarar (67,4 og 67,6 m) som er registrert i kommuna har berre den eine konsejon for trål. Denne konsesjon gir så reduserte kvoter at fartøyet må i store deler av året drive på utradisjonelle ressursar og kvoter, og har fått til eit midlertidigt driftsopplegg i vårt nærrområde mens ein ventar på gjenoppbygging av tradisjonelt driftsgrunnlag. Det andre fartøy er i fylgje med andre liknande norske fartøy i fiske ved New-Zealand og Australia.

Resultatet frå 1991 viser trass stor insats, heller svakt resultat. Rederiet uttalar seg rimeleg fornøyd etter forholda.

Kommuna har eit skjellskrape-fartøy i aktivitet (53,5 m).
Fartøyet kom i aktivitet igjen i slutten av 1989 etter vanskar som denne nye aktivitet fekk og 1990 vart eit relativt godt år. Imidlertid har drifta hatt større kostnad enn venta og driftsvanskar har vore betydelige. Finansieringa ved kjøp av fartøyet vart heller kostbar og forhandlingar om ny og betre finansiering har enno ikkje ført fram. Fartøyet har vore i full beskjeftigelse i skjellskraping og 1991 vart eit nytt godt år intektsmessig.

Fartøy 20 til 35 m.

Vidare hadde kommuna 4 større autoline fartøy (33,2, 33,3, 33,4 og 33,5 m). Eit av desse var seldt ut at av kommuna i beretningsåret. Desse fartøy dreiv aktivt driftsopplegg med henting av sin torskekvote i starten av året (utanfor Nord-Norge), vidare linefiske på vestlege felt (Hebridane, Shetland, Færøyane) og noko ved Norskekysten (Nordsjørenna, Skjoldryggen). Eit av fartøya har hatt godt innslag av håfiske. (Skjoldryggen - Nordsjøen)
1991 viste ein monaleg betring i driftsresultat og synest kunne karakteriserast som eit godt år.

Fartøy mellom 13 og 20 m.

Denne gruppe tel 7 fartøy. (14,5, 15,5, 15,6, 15,8, 15,9, 18,8 og 19,9 m) Eit av fartøya driv havteinefiske etter kysten. (Trøndelag -Nordland) med vårtorskefiske som tilleggsaktivitet. Dei 6 andre har Vårtorskefiske som hovudsesong. 3 av desse tar denne fangst med snurrevad, 2 med garn. Som tilleggsaktivitet har fartøya ulikt opplegg. 2 har snurpenot etter sild/makrell, ein har kystline, 2 har snurrevad som heilårsaktivitet. 2 andre har forsøkt ulike aktivitetar som brugde-fangst, garn i egga etter lange, håbrands-line, med ulikt resultat.

Denne gruppe synest svært avhengig av torskeressursen og med små kvoter vert årsresultatet for svakt.

Dei fartøy som hadde lite kostnadsinnsats fikk eit godt år i 1991, nye kostbare fartøy fikk for svak inntjening.

Fartøy under 13 meter:

Ved utgangen av året talde denne gruppe totalt 59 fartøy.

10 - 13 meter 6 fartøy

8 - 10 meter 31 fartøy

under 8 meter 22 fartøy.

VANYLVEN.

Eit større fiskefartøy er heimhøyrande i Vanylven (56,2 m). Dette har ringnotkonsejon, og fikk eit relativt godt driftsår i 1991.

8 fartøy frå 10,2 til 13,7 m er den mest aktive lokale flåte. Vårtorskefiske synest vere hovudsesong for alle. Vidare aktivitet er not etter brisling, sild, makrell, sei og også linefiske. Det vart noko ujamt årsresultat for desse.

27 fartøy under 10 meter.

Derav 13 fartøy over 8 m

8 fartøy over 6 m

6 fartøy under 6m

VOLDA: (Fiskeflåten sin aktivitet)

Etter Merkeregisteret har Volda 15 fartøy. Med unntak av 1 (12,1m) er alle under 10 meters lengde.

5 fartøy er mellom 8 og 10 meter

7 fartøy er mellom 8 og 6 meter

2 fartøy under 6 meter.

Alle driv lokalt sin aktivitet etter fisk i og rundt Voldafjorden. Etter generelle standardkrav for rasjonelt fiske vil disse ha problem med å kunne vise til økonomiske resultat av sin aktivitet som gir rett til oppføring i merkeregisteret. Imidlertid kan resultatet være eit positivt tillegg til utøvarane som matauk og inntekt. Utviklinga på fiskebestandane også i Voldafjorden synest positiv og kan om utviklinga held seg, føre til at interessa for aktiviteten også økonomisk vert verdifull for lokalbefolkninga.

KAPITTEL 5. FISKE-INDUSTRI/FOREDLING.

Fiskemottak/fiskeforedling.

Sande kommune har 2 bedrifter som driv direkte mottak frå fiskeflåten, Sandanger Hermetikk, Gjerdsvika og J.M. Bringsvor Sandshamn.

J.M. Bringsvor driv tradisjonell fiskeforedling, salting /tørking og som nyare tillegg slakting og pakking av oppdrettslaks.

Sandanger Hermetikk produserer fiskehermetikk, fiskebollar/sildeprodukter. Mindre produksjonar av ulike produkt innan hermetikk har ellers vore gjort.

Utan om desse har distriktet Mykle Preserving, Sandshamn som driv produksjon av fiskehermetikk og fish-burger som frossen vare.

Volda Fiskemat, Volda driv produksjon av fiskemat og anna, vesentleg som kjølevare.

Tabell Over aktivitet til Fiskebedriftene 1991. (Egne data)

<u>Namn</u>	<u>Tilsette</u>	<u>Omsetning</u>	<u>Årsverk</u>
J.M.Bringsvor	2 kv. 6 menn	4,5 mill	7
Sandanger Herm.	12 kv. 2 menn	4,0 mill	8
Mykle Preserv.	5 kv. 1 mann	0,5 mill	2
<u>SUM</u>	<u>19 kv. 9 menn</u>	<u>9,0 mill</u>	<u>17 årsverk</u>
Liknande oppsett for:			
<u>1989</u>	<u>22 kv. 8 menn</u>	<u>10,4 mill</u>	<u>18 årsverk</u>
<u>1986</u>	<u>25 kv. 11 menn</u>	<u>20,0 mill</u>	<u>27 årsverk</u>

Før 1986 var fleire bedrifter i aktivitet særlig i henging av sei. I 1981 tok bedriftene i Sande inn 2319 tonn fisk for bearbeiding, mens kvantumet for 1989 var 365 tonn, frå Sunnmøre og Romsd. Fiskesalgslag. Sidan 1988 synest inntaket lokalt å ha stabilisert seg på dette nivå.

Generelt utviklingstrekk viser nedgang i tradisjonell virksomheit, og ny aktivitet som bedriftene med stor møyse har fått etablert, kompenserer ikkje tradisjonell avgang. Det nivået ein har synest og vanskelig å halde.

Aktiviteten ved J.M Bringsvor i pakking av laks har vore lite til denne tid av ytre årsaker, denne ventast auke snarlig. Pakkeaktivitet ved oppdrettsanlegget "Vestlaks" har og vore liten siste år då anlegget har vore ute av lakseproduksjon et år, denne ventast og auke då anlegget er inne i normal produksjon.

VANYLVEN.

Lakse-slakte/pakke-anlegget AQUA PRODUCT VEST, Åheim som kom i aktivitet ved årskiftet 90-91 har stabilisert sin aktivitet i 1991 og ventast vere inne i relativ jamn produksjon med 15 tilsette.

VOLDA

I Volda kommune har Volda Fiskemat dei siste år hatt 10 - 11 tilsette i full aktivitet. Bedrifta hadde i 1988 ei omsetning på 8,5 million, denne har auka til omlag 12 million for 1991. Bedrifta melder om svært stramt market og stadige tilpasningar for å halde aktiviteten. Av arbeidsstokken har bedrifta ei kvinne.

Kapittel 6. Råstoffsituasjonen/Ilandført kvantum.

Fiskeflåten i rettleiardistriktet sine landingar av fisk er spreidd over fleire salgslag og ein har og landingar i utlandet.

Dei lokale landingar foregår vesentleg over Sunnmøre og Romsdal Fiskesalgslag som har omsetning av fisk og skalldyr, ikkje sild, makrell og oppdrettsfisk. Vi kjenner til at det frå Vanylven vert omsett fisk i Sogn og Fjordane og at også andre landingar av distriktet sine fartøy går til dette og andre salgslag.

Lokalagets sin statistikk synest svært påliteleg og gir ein god del-beskrivelse av situasjonen, men på kommunenivå kan enkeltregistreringar gi store endringar.

SUNNMØRE OG ROMSDAL FISKESALGSLAG.							
TOTALE LANDINGAR AV FISKEFLÅTEN DEI TRE SISTE ÅR							
Kommune	1989	1990	1991	1989	1990	1991	
Sande	TONN 3991	2673	4183	KR. 36220	24632	46455	
Vanylven	80	72	85	KR. 672	596	1150	
Volda	5	10	13	KR. 43	102	126	

Fremste tre talrekker er ton fisk, siste tre talrekker er heile tusen kroner.

Oversikta viser at 1990 var eit svakt år. 1991 vart eit betydeleg betre driftsresultat då både kvantum og pris auka.

Av fiskelaga utgjer torsk 25% for 1991, lange 20%, brosme 12,5%, sei 7,5% og skjell 4%.

Av redskaptypa tok garn 5%, liner 49%, bunntrål 36% og snurrevad 9%.

Sidan det tilgjengelege statistikkmateriale er utrygt å bruke vil ein måtte ty til antagelsar om ein skal forsøkje gi eit bilde av ressursituasjonen lokalt.

Landingane er i auke på dei fleste fiskeslag, men pris-konkurransen er sterk for våre fiskemottak, serlig frå utanlandske foredlingsbedrifter som tek fisken uforedla. Våre mottak vert dermed vesentleg ekspedisjon av råvarer til eksport.

Grunna lange og vanskelege transportveiar har distriktets fiskemottak ikkje klart å nytte denne muligheit og tradisjonell foredling har ikkje hatt konkurranse-muligheit i pris til slike anvendelsar på dei auka landingar. Tilpasning til EF kan synest vanskeleg for våre bedrifter.

KAPITTEL 7. HAVBRUKSNÆRINGA.

Etter oppdrettslova er oppdrett av fisk og skalldyr underlagt løyve/tillatelse til slik aktivitet. Dei ulike former og typer har ulike forskrifter og vilkår for tillatelse. Konsesjon er brukt om slik tillatelse/løyve.

KONSESJONSOVERSIKT (antal):

<u>Konsesjons-type</u>	<u>SANDE</u>	<u>VANYLVEN</u>	<u>VOLDA</u>
Matfisk laks/aure	3	1	3
Settefisk laks/aure	0	3	6
Stamfisk laks/aure	0	1	0
ANDRE ARTAR:			
Skalldyr	0	0	2
Torsk	0	0	0
Kveite/Piggvar	3	0	0
Ål	1	0	0
Kjempereker	0	1	0
SUM	7	6	11

Det var aktivitet for alle konsesjonar laks /aure i 1991. For dei andre (andre artar) har aktiviteten vore ujamn og er foreløbig på forsøks-stadiet.

Sletting av konsesjonar som ikkje har hatt aktivitet har redusert antalet dei siste år.

Overstående oversikt viser gjenværande antal løyver.

Fylgjande selskap hadde aktivitet i fiskeoppdrett i 1991.

SANDE KOMMUNE.

M/s 01 Vestlaks, Sandshamn	Matfisk laks/aure
M/s 02 Bringsvorlaks, Sandshamn	Matfisk laks/aure
M/s 03 Flatøy Fiskeoppdrett, Sandshamn	Matfisk laks/aure
M/s 04 Sande Seafarm, Gjerdsвика	Kveite.
M/s 06 Aqua Marine, Gjerdsвика	Ål.
M/s 09 Breivik Seafarm, Larsnes	Kveite/piggvar.
M/s 05 Nupafisk, Larsnes kom i slutten av året igang med bygging av sitt anlegg for piggvar.	

Samla hadde desse 10 tilsette, 13 årsverk, 15,4 million kr. i salg.

VANYLVEN KOMMUNE.

M/vn 02 Skorge Fiskeoppdrett, Åheim	Mat/Settefisk laks/aure
M/vn 03 Vanylvsfisk, Åheim	Settefisk laks/aure
M/vn 07 Vanylven Stamfisk (Samdrift under selskapet Vanylven Stam og Settefisk)	Stamfisk laks/aure
M/vn 05 Vest Aqua, Rovde	Settefisk laks/aure

Samla hadde desse 15 tilsette, 14 årsverk, 20,5 million kr. i salg.

VOLDA KOMMUNE.

M/va 02 Straume Fiskeoppdrett, Folkestad	M/S laks aure.
M/va 03 Sunlaks, Lauvstad	Matfisk laks/aure
M/va 05 Johs. S Gjerdsdal, Austefjorden	Settefisk laks/aure
M/va 07 Dalsfjord Fiskeoppdrett, Lauvstad	Settefisk laks/aure
M/va 08 Steinsvik Laks, Folkestad	Settefisk laks/aure
M/va 13 Ulvestadfisk, Lauvstad	Settefisk laks/aure
M/va 08 Kvangardsneslaks, Lauvstad	Matfisk laks/aure

Samla hadde desse 22 tilsette + 15 ved pakkeanlegget til Sunlaks, omlag 25 årsverk og salg på omlag 50 million kr.

Dei tal som er brukte for å vise aktivitet innan oppdrett er innhenta ved anlegga.

Liknande oversikter er innhenta sidan 1986 og viser:

		<u>Tilsette</u>	<u>Salg</u>	<u>Arbeidsinnsats</u>
<u>SANDE</u>	1986	7,5	12,0 mill	7 årsverk
	1987	8	12,4 mill	9 årsverk
	1988	10,5	12,3 mill	10,7 årsv.
	1989	11,5	12,9 mill	12,7 årsv.
	1990	11	13,3 mill	12,7 årsv.
	1991	10	15,4 mill	13 årsverk
<u>VANYLVEN</u>	1986	13	12,5 mill	15 årsverk
	1987	18	16 mill	20 årsverk
	1988	19	22 mill	21,5 årsv.
	1989	20	26,5 mill	24 årsverk
	1990	16,5	15,6 mill	23 årsverk
	1991	15	13,9 mill	20,5 årsv.
<u>VOLDA</u>	1986	27	12,3 mill	27 årsverk
	1987	33	19,1 mill	31,5 årsv.
	1988	44,5	51,3 mill	41,5 årsv.
	1989	29	35,9 mill	31 årsverk
	1990	22	39,6 mill	26 årsverk
	1991	22	50 mill	25 årsverk

Oversikta viser stabile forhold for Sande.

For Vanylven var det topp i 1989 og så nedgang.

For Volda er det noko meir variasjon i tala.

KAPITTEL 8. ANNA AKTIVITET/VIRKSOMHEIT.

Planlegging:

Kommunene i rettleiariardistriktet er i arbeid med "kystsonoplan", men er ulikt komne i arbeidet.

Opplegget for planarbeidet synest vere at ein utarbeidar delplan til kommuneplanen og innarbeidar denne til arealdisponeringsplan for kommuna, der også sjødelen av kommuna sitt areal er med.

Vanylven kommune har hatt denne ut til høyring og er dermed komen til vedtaksarbeidet.

Sande kommune arbeidar med høyringsutkastet, mens Volda er i startfasen til høyringsutkast.

Fiskerirettleiaren har vore med på planarbeidet i alle kommuner, saman med valgte plangrupper i Sande og Vanylven og saman med Fiskerinemda i Volda.

Krisehandtering:

Siste vinter fikk distriktet erfaring med ulike typer natur og miljø-opplevelsar ein ikkje har hatt handtering av tidlegare. Vedrørande dei sjøorienterte aktivitetar vart vårt kontor aktuell. Sidan ein hadde både sjø og land krisehandtering har alle kommunene i rettleiariardistriktet fått verdfull erfaring og har vurdert sine kriseopplegg.

For kontoret gav denne erfaring ein verdfull øvelse, så beredskapsopplegg og krisehandtering er forbetra, sjølv om ein ikkje var aktivt med.

Nye prosjekt:

Innan oppdrett av andre artar har det vore arbeidt lenge i distriktet for å etablere prøveaktivitet. Sidan dette felt er i startfasen og statlig og andre forskingsforsøk har møtt vanskar av ulik art, har lokale finansieringskjelder vist reservasjon i å medverke til nye forsøk.

Nokre forsøk har vorte utførte og ein har enno forsøk av ulik art i gjenge.

Mot slutten av året kom enno eit nytt forsøk på oppdrett av piggvar i aktivitet, ved Nupafisk, Larsnes.

Eit landsomfattande selskap "SUNFISH" tilknytt "Andenesgruppen", Oslo står som hovudinvestor, der lokale interesser også er med.

Dette er eit forsøk i kommersiell skala, resirkulasjonsanlegg der biofilter er hovudkomponent.

Dette skulle verte eit svært intressant forsøk, der avansert biologisk teknikk etter enkle metodar vert fullforsøkt.

Sidan ein skulle forutsette at både ekspertise og kapital er tilgjengeleg for å fullføre forsøket, vonar ein at dette kan verte eit gjennombrøt for denne oppdrettsform, eller gi god rettleiing i tilpasningar for framtidig drift av slike anlegg.

